



FYLKESMANNEN I VESTFOLD OG TELEMARK
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	2019/1118-1	Sveinung Seljås,35048430 sveinung.seljas@nissedal.kommune.no	L12	11.09.2019

K - Reguleringsplan Brunkeberg industriområde - varsel om planoppstart

Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 blir det varsla at Kviteseid kommune set i gang arbeid med detaljregulering av tidlegare regulert areal samt det tilgrensande feltet BN1 i kommuneplanen. Området ligg nær E134, ved avkøyringa til Ordal, sjå vedlagte kart med planavgrensing (pdf og sosi).

Planstatus og føremål

Planområdet blir ca. 33 dekar. Kommuneplanen viser området dels som eksisterande byggeområde for industri, dels som nytt område for tilsvarande arealbruk (næring, felt BN1). Her er det krav om reguleringsplan før utbygging kan ta til.

Føremålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for etablering av industri/næringsbygg med tilhøyrande uteareal. Delar av arealet vil bli nedsprengt til eit nivå meir i flukt med omkringliggande næringsareal. Overskotsmasse vil bli frakta ut av planområdet.

Viktige utgreiingsbehov

Området må undersøkast med omsyn til verneverdige, verna og automatisk freda kulturminne. Natur/miljøverdiar må dokumenterast, irekna ei avklaring av nødvendig vernesone langs Ordalsåi. Vidare må teknisk infrastruktur inn til-, og i planområdet (veg og v/a-nett) avklarast.

Merknader

Eventuelle innspel eller merknader til planarbeidet frå mottakaren må sendast skriftleg til: **Interkommunalt plankontor Treungvegen 398 3855 TREUNGEN**, eventuelt til e-postadresse: info@nissedal.kommune.no innan **15.10.2019**.

Med helsing

Sveinung Seljås
-plansjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.